

Dagaktivitet – innspel frå arbeidsgruppa

Aktivitetstilbodet i kommunen rommar tenester retta mot ulike brukargrupper, både dagsenter for eldre og demens, Hamna dagsenter, Møteplassen Gnisten og Styrk-arbeid i Prestegarden.

I eit folkehelseperspektiv er einsemd, stress, lite sosial støtte og manglande oppleving av meistring sentrale utfordringar. Hensikta med aktivitetstilbodet handlar om verdien av å være aktiv i eige liv, både fysisk, psykisk, sosialt og yrkesmessig.

Ei stadig oppgåveoverføring frå helsefortaka til kommunane og eldrebølga, kombinert med ei forventning om at alle skal bu heime lengst mogleg, gjer at etterspørselet etter dagsentertenester og aktivitetstilbod vil auke kraftig dei komande åra. Sosialt og kulturelt fellesskap er helsefremjande og trivselsskapande.

Dagens situasjon

Arbeidstreningsstiltaka og dagsentra i Volda har eit variert tilbod med ulike former for velferdstiltak, fysisk trening og både yrkesmessige og hobbyprega aktivitetar.

Arbeidstreningsstilboden og dagsentertilboda gir meistringskjensle, gode opplevingar og auka livskvalitet.

Føremålet er gjerne knytt til det å ha noko meiningsfullt å gå til på dagtid, og å tilby ein sosial treffstad der ein også kan gjere ulike aktiviteter saman med andre slik ein kan bu heime lengst mogleg i eigen heim og halde det individuelle tenestenivået på lågast mogleg nivå.

Aktivitetstilboda i kommunen er helsefremjande og førebyggjande tiltak på lågaste nivå i omsorgstrappa, og er eit tilbod som fell inn under avdeling for heimetener, rus og psykisk helseteneste og avdeling for bu og habilitering. Det fins eigne tilbod for ulike målgrupper innan eldre, yngre og eldre med demenssjukdom, utviklingshemma og rus og psykisk helse.

Dei seinare åra har tenestene fått nye brukargrupper. Vedtak om plass ved dagsentra og arbeidstreningsstiltaka blir fatta ved forvaltningskontoret og ein etterstrebar å gi et individuelt tilpassa tilbod.

Dagsenter i rus og psykisk helseteneste og dagsenter for eldre samt personar med demens har jamn pågang, men balanserer per i dag etterspurnaden etter tilboden med tanke på tal plassar.

Kommunen har ikkje tilbod om dagsenterplassar eller arbeidstreningsstilboden utanfor sentrum i Volda, slik at dei fleste som mottek desse tenestene i dag er frå sentrum av Volda.

Rus og psykisk helseteneste og heimetener rapporterer om auke i tal brukarar og behov for å auke opp tilboden for å halde fast ved føremålet om å kunne bu heime lengst mogleg og halde det individuelle tenestebehovet så lågt som mogleg.

Lokala til Hamna dagsenter i avdeling for bu og habilitering ligg i sentrum med kort veg til turområder, butikkar og andre fasilitetar. Dette gjer det enklare for brukarane på Hamna dagsenter å vere ein større del av sentrum. Leigeavtalen går ut i 2021 og ein må sjå på behov

for nye lokale eller fornye eksisterande leigeavtale. Det er behov for fleire aktivitetar ved dagsenteret for å nå fleire brukargrupper og for å gi eit betre tilpassa tilbod til brukarane. Ein er usikre på om dagens lokale stettar dette behovet.

Utfordringsbilete

Eit av dei viktigaste utfordringane framover blir korleis dei ulike tenesteområda betre kan samarbeide på tvers av alder, utfordringar og diognosar, og i større grad fokusere på funksjon, aktivitet, meistring og trivsel. Manglande samarbeid på tvers av einingar, for lite kunnskap om kvarandre sitt tilbod, fagleg vinkling, kompetanse og arbeidsmetodar, og kva som er mogleg å få til av samarbeid på tvers.

Volda kommune sine nettsider manglar god nok informasjon som gjer at aktuelle brukarar og samarbeidspartar kan få informasjon om kva tilbod som faktisk fins. Ein må tidlegare inn med dagsentertenester, særskild gjeld dette for personar med demens.

Dagens organisering, med diagnose- og aldersspesifikke tilbud, ekskluderer aktuelle brukarar. Organiseringa gjer det vanskelegare for andre brukargrupper å passe inn i tilboden. Det er behov for eit meir differensiert tilbod, spesielt innanfor arbeidstreningstiltaka i kommunen.

Aktivitetstilboda må vere fleksible og differensierte, og ligge i brukarane sine nærområde. Kommunen har ikkje eit likeverdig tilbod til dei som bur på bygdene og Grodås. Dagsentra og arbeidstreningstiltaka er samla i sentrum av Volda og ein klare såleis ikkje tilby eit likeverdig og tilpassa tilbod til alle som bur i utkanten av kommunen og ikkje kjem seg til sentrum ved eiga hjelp.

Det er ei utfordring med transport av brukarar med dårlig funksjon. Brukarane av dagsenter har eit lågare funksjonsnivå, noko som betyr at skyssordninga tek stadig meir tid. Fleire brukarar ynskjer å bli henta tidlegare til dagsenteret. Mange brukarar nyttar ikkje communal transport sjølv om det er inkludert i betalingssatsane. Det er utfordrande å finne parkering for brukarane utanfor omsorgssenteret.

Det er høg terskel for arbeidsdeltaking. Regjeringa har presentert føringar for å senke tersklane for deltaking i arbeidslivet. Her må både privat og offentlig sektor ta større ansvar for å legge til rette for at fleire får delta i arbeidslivet.

Det er ikkje alle brukarane som finn seg til rette på aktivitetstilboda våre. Det kan vere ulike årsaker til dette, både helsemessige, sosiale eller innhaldet i tenesta. Det må difor arbeidast aktivt med gode individuelle tilbod for å førebyggje einsemd, samt avlaste pårørande. Ein må fokusere på samhandling og koordinering av tenester til denne gruppa, som støttekontaktar, aktivitetsvenrar, samarbeide med frivillige og/eller ambulerande aktivitetstilbod.

Det er behov for ny lokalitet til Hamna 20. Ein veit at behovet for nye plassar ved dagsenteret kjem til å auke og ein treng då større og meir tilpassa lokale. Slik det er i dag, er byggingsmasse forholdsvis gamal og slitt, rominndelinga er ikkje tilpassa etter behova til brukarane av dagsenteret.

Utvikling i planperioda

Brukarmedverknad og eit helsefremjande og førebyggjande perspektiv med vekt på aktiv aldring og folkehelse må vere styrande. Aktiviteten skal styrke evna til å bu heime. Aktivitetstilbodet til kommunen bør i framtida i større grad samarbeide på tvers av diagnosar, utfordringar og alder. Dette kan bidra til auka brukartilfredsheit, meir målretta tenester og meir kontinuitet i tilbodet for brukarane.

For kommunen vil det bidra til at dei tilsette får auka kunnskap om kvarandre, samarbeidar betre, får ei meir heilskapleg tenking og ei betre utnytting av ressursane på tvers. For å få til dette må det vere tydelege leiarar som legg til rette for å lage læringsnettverk som gir dei tilsette muligkeit til å utveksle erfaringar på tvers av avdelingar samt ha felles fagdagar om aktivitetstilbod. Samarbeid med andre tilbod i kommunen (kulturskule, idrettslag, frivillige lag og organisasjonar m.m.) bør vere lettare tilgjengeleg.

Ein må arbeide meir strategisk med utgåande informasjon på heimesider og andre informasjonskanalar.

Det er ynskjeleg å sjå samla på arbeidstiltaka i kommunen for utviding og vidareutvikling av eksisterande tilbod. Dette for å kunne tilby eit meir variert aktivitetstilbod for tenestemottakarane på tvers av avdelingar.

Ein må foreta ei utgreiing angåande behov for dagaktivitetstilbod i utkantane, eventuelt ambulerande dagsentertilbod

Kommunen ynskjer at privat og offentlig sektor må ta eit større ansvar for å legge til rette for at fleire får delta i arbeidslivet. Det vil vere behov for fleire ordinære arbeidsplassar, varig tilrettelagt arbeid og praksisplassar i kommunen.

Dagaktivitet	Årleg driftskostnad	Gjennomføring
Informasjon tenestetilbod heimeside		2021
Etablering av nettverk for aktivitetstilbod		2021
Utgreiing / prosjekt: trimrom	Prosjektmidlar	2021
Utgreiing av ambulerande tilbod		2021
Utgreiing sjåførteneste		2021
Lokaler Hamna 20		2021
Dagsentertilbod på Folkestad og Hornindal	40 + 20 % vakant stilling.	2021

Innspel frå arbeidsgruppa

	Kostnader knytt til reise (personal, brukarar), utstyr (12 000)	
Prosjekt: IKT		2022
Parkeringsplass til brukarar på dagsenteret		2022
Etablering arbeidslag; samarbeid Styrk og Hamna		2022